

Verksemder i Stord kommune  
som har publikumskontakt

Vår dato: 24.03.2020  
Vår ref: 2020/809 - 8577/2020 / G16  
Dykkar ref:

## **Koronasituasjonen i Stord kommune og særskilde tiltak**

Stord kommune har fleire tiltak som skal hindre spreiding av Covid-19, koronavirus. Informasjon kring kommunen sine tiltak knytt til situasjonen vil du finna meir om her: [Stord kommune sine informasjonssider i Koronasituasjonen](#)

Me vil først av alt trekkja fram alt det gode arbeidet som vert gjort i samfunnet og næringslivet, og me ser stadig at fleire tek eigne grep for å avgrensa smittespreiing. Like fullt, vert det tydeleg at lokale tiltak kanskje ikkje alltid er nok, og situasjonen krev ytterlegare grep. Det er ikkje noko hyggjeleg å oppleve butikkar som slit, tilsette som vert permitterte og folketome senter og gater. Samstundes registrerar me stadig nye tiltak for å halde butikkar i drift, som heimkøyring av varer og lokal netthandel. Det vert og gitt oppmodingar om å nytta lokal handel når situasjonen roar seg.

Me har tidlegare sendt brev til nokre definerte, samfunnskritiske verksemder, der me har særleg behov for tiltak for å hindra smittespreiing. Me har fått attendemelding og ser mange ulike, gode, løysingar. Stord kommune forventar tiltak frå alle aktørar, og du mottok dette skrivet med målsetting om å avgrensa smittespreiing, både blant tilsette i verksemda, til kundar og frå kundar. Tenesta de yt til innbyggjarane er viktig for oss å oppretthalda.

Stord kommune oppmodar alle verksemder, butikkar, kjøpesenter m. fl. å setja i verk tiltak som gjer at folk i størst mogleg grad held avstand til kvarandre medan dei er i lokala. Det kan vera ved synlege oppslag, tiltak mot at folk vert ståande for tett og aktiv rådgjeving for å bryta opp kontakt mellom grupper.

Be folk venta i bilane dersom det vert opp-hop av folk i lokala – alle skal få koma inn etterkvart og få det dei treng.

Me er berre i starten på ein epidemi. Greier næringslivet ved frivillige tiltak å gjennomføra eit godt smittevern, kan me gjerne sleppa at det vert ytterlegare stenging av verksemder.

Næringslivet treng folk og folk treng næringslivet – Ver saman – på avstand !

*Heimel Smittevernlova §4-1, jf. 5-1.*

Dersom de treng retningsgivande informasjon som kommunen nyttar for eiga drift, finn ein det her: [Arbeidsgjevars tiltaksplan for tilsette i Stord kommune](#)

På vegne av kriseleiinga i Stord kommune

Magnus Mjør  
Rådmann

Jon Eirik Kvalnes  
HMT-leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

### **Løn og personal**

SKL-bygget  
post@stord.kommune.no

Telefon  
53 49 66 22

Org.nr  
939 866 914